

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 29.01.2020  
**Tidsramme:** kl 10:00-14:30  
**Sted:** Kristiansund sjukehus, auditoriet  
**Saksnr.:** 01/20 - 10/20  
**Arkivsak:** 2020/71

---

**Møteleiar:**

Ingve Theodorsen

**Møtande medlemmer:**

Lodve Solholm  
Toril Forbord  
Gerd Marit Langøy  
Bjarne Storset  
Anette Lekve  
Sigurd Torvik Heian  
Hilde Furnes Johannessen

**Frå brukarutvalet møte:**

Paula Næss Skår  
Ann Helene Skare

**Forfall:**

Ingen

**Frå administrasjonen møte:**

Administrerande direktør Øyvind Bakke  
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte og takka for ei strålande omvising ved operasjonsavdelinga ved Kristiansund sjukehus som etter kvart skal bli dagkirurgisk avdeling i det nye DMS Kristiansund. Ny leiar i Brukarutvalet blei ønska velkommen.

**Sak 01/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det er kome spørsmål om å bytte om behandlinga av sak 06/20 og 07/20. Styret har ingen innvendingar mot dette.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

**Sak 02/20 Orienteringssaker**

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Administrerande direktør si orientering
  - Organisering og oppfølging
    - Felles målbilete
    - Stagleg leiing
    - Leiarsamling 5. februar
- SNR v/prosjektsjef Ketil Gaupset
- Status driftssituasjon fødeavdelingar HMR (Mo/Kr) v/ klinikksjef for KKBU Elisabeth Siebke
- HMN lab v/klinikksjef for diagnostikk Per Erik Tødenes
- Helseplattformen v/ fagleg leiar HP i HMR Henrik Erdal
- Nasjonal Helse- og Sjukehusplan m/ forbettringshistorie v/ fagdirektør Torstein Hole
  - Heimesjukehus – døme frå prosjekt i Kristiansund v/ prosjektleiar Inger Stokke

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitende.

**Sak 03/20 Referatsaker**

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll HMN RHF 19.12.2019
- Protokoll HMN RHF 09.01.2020
- Protokoll frå AMU-møte 27.01.2020
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 27.01.2020
- Bekymringsmelding Fagforbundet ved sjukehusa i HMR

**Sak 04/20 Prinsipp for organisering av Helse Møre og Romsdal HF**

Styret fekk presentert tidlegare organisering i HMR og kva prinsipp adm.dir. ser føre seg for korleis han ønskjer ei endring etter fatta vedtak. Eit forslag til ny organisasjonsstruktur blei presentert.

**Det blei gjort følgjande samrøystes vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF gir administrerande direktør fullmakt til å endre organiseringa av helseføretaket frå ei tverrgåande organisering til ei organisering som kombinerer tverrgåande klinikkar og stadleg klinikk på det einiskilde sjukehuset.

**Sak 05/20                    Statusrapport desember 2019 – kvalitet og HR**

Styret fekk ei munnleg orientering frå HR-direktør om trendar og tal på avvik på arbeidstidsbestemmingane og sjukefråvær.

**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten desember 2019 om kvalitet og HR til orientering.

**Sak 06/20                    Oppfølging av styret sine vedtak i 2018 og 2019****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tar oppfølging av styret sine vedtak for 2018 og 2019 til orientering.

**Sak 07/20                    Budsjett 2020 - orientering**

Styret fekk av økonomidirektør ein presentasjon av tal frå 2019 og budsjett for 2020. Dei ni tiltaka for omstilling blei også teken fram og på nokre av prosjekta fekk styret ein status, blant anna digitaliseringsprosjektet og då særleg videokonsultasjonane. Økonomidirektør la i tillegg fram korleis ein følgjer opp tiltak knytt til omstillingsprosessen.

**Det blei gjort følgjande samrøystes vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa til vitende.

**Sak 08/20                    Forbetringstiltak kvalitet og pasientsikkerheit – prioritering av tiltak.****Det blei gjort følgjande samrøystes vedtak:**

1.                    Styret i Helse Møre og Romsdal tek innhaldet i saksutgreiinga til orientering.
2.                    Styret i Helse Møre og Romsdal ønskjer å følgje særskilt nokre konkrete kvalitetsindikatorar og ber om jamleg rapportering på:
  - 1) Strykingar av planlagde operasjonar
  - 2) Førekomst av helsetenesteassosierte infeksjonar i sjukehus
  - 3) Bruk av breispektra antibiotika i sjukehus
  - 4) Global Trigger Tool
3.                    Styret i Helse Møre og Romsdal ber om at rapporteringa ikkje i særleg grad medfører auka behov for registrering og meirarbeid ute i seksjonane.

**Sak 09/20                    Årshjul styresaker 2020****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tar årshjul styresaker for 2020 til orientering.

**Sak 10/20      Foreløpig saksliste til neste styremøte (utan saksframlegg)**

Det blei gitt ei munnleg opplesing av utkast saksliste til styremøte i HMR 26.02.2020

**Sak 11/20      Godkjenning av protokoll 1/2020 – styremøte 29.01.2020****Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 29.01.2020.

Kristiansund, 29.01.2020

Ingve Theodorsen  
styreleiar

Lodve Solholm  
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen